

# Frå Vestbø i Sandeid

I Sandeid budde Mari Lassesdotter, som skal væra frå Fedtbakken under Hage i Hafslø i Sogn, fødd 30.06.1799. I Sandeid kalla ho seg **Maren Larsdotter**.

Ho gifte seg fyrste gong i 07.01.1824 med hattemakar **Lars Johan Wennberg**, visstnok fødd i Tegenes, Alvsborgs len i Sverige kring 1796. Dei busette seg på garden Vestbø i Sandeid, og skal ha hatt 6 born.

Maren Larsdotter og Lars Johan Wennberg fekk mellom anna ei dotter: **Aselina Davidea Larsdotter** fødd 09.04.1837. Ho vart gift med **Torger Olsen Døssland** frå Rindo, Uskedalen i Kvinnherad. Dei budde på Skeie i Sandeid under folketellinga 1865, men flytte attende til Kvinnherad, Dei bygsla b nr 3 Myro på Myklebust 1867, og skreiv seg då med namn Myklebust.

Lars Johan døydde på Vestbø 22.09.1837, og Maren gifte seg oppatt 26.12.1844 med **Johannes Thorson** frå plassen Tangen under Vestbø. Maren døydde på Vestbø i 1875, men dødsåret til Johannes er ukjend.

Maren og Johannes fekk ei dotter i lag, **Marta Johannesdotter**, fødd 26.11.1843. Ho vart gift 25.08.1867 med **Harald Olsen Døssland** frå Rindo, fødd 1840. (kyrkjebok for Sandeid) Dei dreiv landhandel på b nr 22 Nybø på Myklebust.

Marta døydde som «landhandlarenke» på Nybø 27.01.1915, men kvar, og kva år, Harald døydde er ikkje kjendt. Er antyda å væra omkring 1873.

**Aselina Davidea og Marta** var halvsystre, med mor Maren Larsdotter.

**Harald Olsen og Torger Olsen** var brør, med foreldre Ole Torgersen og Sella Olsdotter. Ole og Sella budde i Rindo til dei flytte til Sandeid 1852. Dei flytta attende til Uskedalen etter nokre år, og er oppførde under Nybø i folketeljinga 1865.

**Harald og Marta** fekk 4 born:

- |   |                 |  |
|---|-----------------|--|
| 1 | Olav Johan      | 1868 – 1891,   |
| 2 | Cecelius Martin | 1869 – 1941,   |
| 3 | Johan Mandius   | 1870 – 1945, g.m. Marta Tomasdotter Haugland 1889-1971 |
| 1 | Olav Bjarne     | 1911-  |
| 2 | Arne Martin     | 1913-  |
| 3 | Magnhild        | 1916-  |
| 4 | Sylvi Tordis    | 1919-  |
| 5 | Maren Alette    | 1926-  |
| 6 | Harald          | 1928-  |
| 7 | Hjørdis         | 1932-  |
- 4 Maren Alette 1872 – gift i USA.

**Torger Olsen og Aselina Davidea Larsdotter fekk borna:**

- |    |                  |  |
|----|------------------|--|
| 1  | Lars Johan       | 1860-  |
| 2  | Olav Martin      | 1863- budde i Tresshaugen på Feet                |
| 1  | Olav             | 1884- 84   |
| 2  | Olav             | 1885-  |
| 3  | Torgeir          | 1887-  |
| 4  | Marta            | 1889-  |
| 5  | Aselina Davidea  | 1890-  |
| 6  | Martin Johan     | 1892-  |
| 7  | x) Maren Johanna | 1895- g.1917 m Kristoffer Haugland frå Klammeren |
| 8  | Anna             | 1897-  |
| 9  | Lars             | 1898-  |
| 10 | Margreta         | 1900-  |
| 3  | Aselina Davidea  | 1873 g på Rød                                    |
| 4  | Hartvig Cecelius | 1878 budde på Døssland                           |
| 5  | Bertin, ugift,   | gullgravar i Alaske                              |
| 6  | Severin,         | til USA  |
| 7  | Margrete         |  |
| 8  | Gjert            | 1881 budde på b nr 3 på Myklebust                |

x) = BESTEMOR TIL  
MÅLERID